



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	17.06.2009	056/09
Kommunestyre	24.06.2009	036/009

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 08/364	<b>Saksansvarleg:</b> Arne Osvald Åsebø
---	-------------------------------	--

## Omregulering av gbnr 138/163 og 189 - eigengodkjenning

### Rådmannen si innstilling

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 27-2, punkt 1, "Endring av reguleringsplan for Holvik, gnr. 138 bnr. 163 og 169" datert 10.03.09, med tilhøyrande føresegner av same namn og dato.

### 17.06.2009 Planutvalg

#### Møtebehandling:

Repr. Fagerlid stilte spørsmål om sin habilitet i saken da han har hatt arbeidsoppdrag i området. Han ble enstemmig erklært habil.

Ingen merknader til saken.

### Votering

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

PU-056/09

#### Vedtak:

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 27-2, punkt 1, "Endring av reguleringsplan for Holvik, gnr. 138 bnr. 163 og 169" datert 10.03.09, med tilhøyrande føresegner av same namn og dato.<Tekst>

### 24.06.2009 Kommunestyre

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Formannskapetets innstilling ble enstemmig vedtatt.

K-036/009

#### Vedtak:

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 27-2, punkt 1, "Endring av reguleringsplan for Holvik, gnr. 138 bnr. 163 og 169" datert 10.03.09, med tilhøyrande føresegner av same namn og dato.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova av 14. juni 1985, §§ 27-1 og 30.

Forskrift om kart og stedfestet informasjon i plan- og byggesaksbehandlingen

Reguleringsplan for Holvik, godkjent 30.09.82

Kommuneplan for Vågsøy kommune 2002-2014, godkjent 27.11.02 i K-sak 66/02

## Bakgrunn for saka

Den tidlegare barnehagen i Holvik, på gbnr. 138/163 og 198, er solgt og dei nye eigarane ønskjer å omregulere eigedomen til bustadføre mål.

## Saksopplysningar / fakta

Det omkringliggende området er eit etablert bustadfelt og det gamle barnehagebygget glir godt inn i omgjevnadane. Det framstår som eit stort bustadhus og er tenkt seksjonert i tre, uavhengige bueiningar.



I hht. til Vågsøy kommune sine parkeringsvedtekter er det krav til 7,5 parkeringsplassar på eigedomen, 2,5 pr. planlagd bueining. Dette er det lagt til rette for i planen og i tillegg blir det regulert inn ein trippel garasje vest på eigedomen, slik at det er éin garasje pr. bueining. I samband med dette blir det etablert ei ny avkøyrsløse vest på eigedomen, i forkant av garasjen og oppstillingsplassane. Hovudmengda av inn- og utkøyring vil difor bli forflytta lenger vekk frå vegkrysset og frå husfasaden.

Planforslaget:



Aust på eigedomen passerar bekken i ein kulvert under bakken. Vågsøy kommune har bygd kulverten som går under vegen, men ikkje forlenga den forbi den tidlegare barnehagen slik situasjonen er i dag. I planen er det lagt inn byggjegrænse og føresegner som skal hindre at det blir bygd eller satt i verk tiltak som kjem i konflikt med kulverten. Det er nedfelt i føresegnene at det er eigar sitt ansvar å vedlikehalde kulverten og sørge for at den er tilgjengeleg for reoperasjon og inspeksjon. Kulverten skal sikrast av eigar ved utløpet sør for eigedomen.

### Gjeldande reguleringsplan

Reguleringsplan for Holvik, godkjent 30.09.1982 er gjeldande.

### Planendring

Formålet er å omregulere eigedomen til bustadføre mål.

### Planprosessen fram til 2. handsaming i utval for plansaker

Sidan det har gått lang tid frå første planoppstart vart varsla 22.03.07, er oppstart varsla på nytt i Fjordanes Tidende 29.09.2008, med frist for merknadar 31.10.2008. Naboar og offentleg instansar blei varsla ved brev, med tilsvarende frist. Det kom ingen merknadar til det varselet. Ved første varsel i 2007 kom det inn ein marknad, frå Fylkesmannen i Sogn og fjordane, om behovet for leikeareal/grøntareal. Planheftet viser til at det ligg eit opparbeida leikeareal 40 meter frå eigedomen, i tillegg til at Holvik skule og barnehage ligg om lag 250 meter unna. Behovet for leikeareal utover det som er på tomta, vurderast difor som oppfylt.

Saka var til handsaming i Planutvalet 01.04.2009 og vedtok då følgjande (PU-sak 031/09):  
*"Planutvalet vedtar, i medhald av Plan- og bygningslova § 27-1 nr 2, å leggje "Endring av reguleringsplan for Holvik, gnr. 138 bnr. 163 og 169" datert 10.03.09, med tilhøyrande føresegner av same namn og dato, ut på offentleg ettersyn."*

Planforslaget har ligge til offentleg ettersyn i perioden 27.04 - 21.05 2009. Det er kome inn kun éin merknad og den er frå Fylkesmannen i Sogn og fjordane, datert 14.05.2009:

## Fråsegn til endring av reguleringsplan for Holvik gbnr 138/163 og 189 i Vågsøy kommune

Vi viser til oversending dagsett 29.04.2009.

Føremålet med planendringa er å omregulere eit område på ca. 1400 m<sup>2</sup> frå offentleg formål – barnehage til bustad med leilegheiter. I gjeldande reguleringsplan er området regulert til barnehage.

Miljøvernavingdelinga har ingen avgjerande merknader til planen.

### Vurdering / konsekvensar

Reguleringsplanen er gjennomtenkt og legg til rette for ei hensiktsmessig utnytting av den gamle barnehagen til tre nye bueiningar.

Rådmannen viser til vedlagt plankart, føresegner, illustrasjonsplan og planhefte og rår med dette Planutvalet i medhald av Plan- og bygningslova § 27-2 nr 1, å vedta innstillinga og sende saka til eigengodkjenning i kommunestyret.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
20896	08105 Plankart rev 100309.PDF
20894	08105 Føresegner rev 100309.pdf
20809	08105 Illustrasjonsplan rev 100309.PDF
20806	08105 Tekstdel rev 100309.pdf

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	05.02.2008	PRO-team AS	Omregulering - gbnr 138/163 og 189
2	I	15.02.2008	PRO-team AS	Omregulering - gbnr 138/163 og 189
3	I	21.06.2008	Ragnar Hagen	Regulering i Holvik - barnehagen
5	I	23.09.2008	Rådg.ing. Ragnar Hagen AS	Melding om oppstart av reguleringsarbeid gbnr. 138/163
6	I	31.10.2008	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kopi av brev frå miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen
9	I	03.11.2008	Rådg.ing. Ragnar Hagen AS	Endring av reguleringsplan for Holvik, gbnr. 138/163 og 138/189
4	I	25.11.2008	PRO-team AS	Omregulering - gbnr 138/163 og 189 Gjennomgang av forslag til reg.plan
7	I	13.02.2009	Rådg.ing. Ragnar Hagen AS	Reguleringsplan Holvik - utkast
10	I	13.02.2009	Rådg.ing. Ragnar Hagen AS	Reguleringsplan Holvik - utkast
11	U	15.02.2009	Vågsøy kommune	Vs: Reguleringsplan Holvik - utkast
12	I	17.02.2009	PRO-team AS	Reguleringsplan Holvik - innspel
8	I	17.02.2009	PRO-team	Forslag til reguleringsmessig løysning samt plassering av garasje
13	I	20.02.2009	Rådg.ing. Ragnar Hagen AS	RE: Holvik bhg - svar på innspel
14	I	11.03.2009	Rådg.ing. Ragnar Hagen AS	Regulering Holvik - plandokument til behandling
15	U	15.03.2009	Vågsøy kommune	Vs: Regulering Holvik - klart for behandling?
16	I	17.03.2009	Rådg.ing. Ragnar Hagen AS	Regulering Holvik - endringar etter møte.

18	I	23.03.2009	Rådg. ing. Ragnar Hagen AS	Holvik - mindre endring i føresegnene
19	I	24.03.2009	Rådg. ing. Ragnar Hagen AS	Holvik - mindre endring i plankartet
20	I	14.05.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Landbruksavdelinga	Fråsegn til endring av reguleringsplan for Holvik gbnr 138/163 og 189 i Vågsøy kommune